

Årsmelding for Kviteseid Misjonsmenighet 2011

Styret for året 2011 har vore:

Styreleiar: Olav Holm

Nestleiar: Sigrid Lofstad

Sekretær: Kristin Brekke Moore

Styremedlem: Øystein Kvamme

Styremedlem: Anders Songe

1. Vara: Mari Songe

2. Vara: Sverre Solvang

Revisor: Aslaug Tormodsvik

Valkomite: Aslaug Tormodsvik og Ove Lofstad

Styret har hatt 10 styremøte sidan siste årsmøte, og arrangert 2 menighetsmøter.

I 2011 har det som tidlegare år vore høg aktivitet i menigheten. Kvar onsdag gjennom året har det vore bønemøte, og desse møta trur me framleis er svært viktige for menigheten sjølv om dei ikkje samlar så mange.

På sundagar hadde me i vårhalvåret 8 sundagstreff, 5 husfelleskap, to bønemøte, 2 nattverdmøter, eit lovsangsmøte og eit konfirmasjonsmøte 12 juni der Kåre Lønning Solvang blei konfirmera. I tillegg kjem påskefrukost og sommaravslutning. 10 april fekk vi besøk av menigheten sin menighetsrådgjevar Egil Torp. Han bidrog med mykje positivt både på styremøtet og i det påfølgjande sundagstreffet.

I hausthalvåret hadde me 7 sundagstreff, to nattverdmøte, to bønemøte, to husfelleskap og eit song- og lovsangsmøte. 3 joledag hadde me ein jolefest som vart arrangera i fellesskap av Sundvang, Betel og Fredheim og samla ikring 230 menneske.

Sjølv om menigheten ikkje har eigen forstandar, er vi rikeleg velsigna med talerbesøk. Dette året har Hallvard Jørgensen, Daniel Garrat, Jan Danielsen, John David Wickstøl, Egil Torp, Ingulf Diesen, Jon Ultvedt, Asbjørn Johansen, Jerome Lund, Hans Johan Sagrusten, Gunhild Dobbe, Arne Lindtveit og Linda A. Johansen vitja menigheten. I tillegg kjem alle dei både med og utan medlemskap i menigheten som bidreg med andakter og andre oppgåver. Vi er svært takksame for, og heilt avhengige av, all denne friviljuge innsatsen. Oppteljinga i november synte at det er 36 personar som er engasjerte i faste oppgåver i menigheten!

Menigheten valte å støtte prosjektet Jakobs Hus i Colombia gjennom kollektene på sundagstreff også dette året. I tillegg har det gått eit fast månedlig beløp gjennom året til eit misjonsprosjekt i Romania. Menigheten støtter og NmU med eit fast beløp.

Når det gjeld arbeidet med ny parkeringsplass er dette arbeidet i mål og resultatet ser fint ut. Fredagssamlingane har fortsatt med samlingar kvar 14 dag som i fjor. Det vart arrangera tur til Hokksund i oktober 2011 gjennom fredagsklubben med godt framme på over 30 deltakarar! Speidaren har i haust blitt organisera på ein annan måte grunna for få leiarar. Vi har nå familiespeiding med Anne Marthe Midtbøen Larsen og Aslaug Tormodsvik i teten. Dette virkar som eit lovande konsept. Familiespeidaren fekk god omtale i VTB etter den fyrste samlinga i november.

Passpåklubben har hatt mange samlingar med godt oppmøte på 10-15 deltakarar pr samling. Diakonirådet arrangerer nabomiddag i november. Dette blei tatt godt imot og fleire naboar møtte. Dansegruppa med to Kvitsundelevlar som trenarar trente på Betel fram til summaren. Frå hausten har kulturskulen stått for drifta av dansegruppa og gruppa trenar nå i fleirbrukshallen.

Vi ber om at Gud må fortsette å velsigne menigheten sitt arbeid rikt i 2012, og vi ber om visdom i val av kva for aktivitetar vi bør satse på.

Vårt ønske og vår bøn er at alt arbeidet ut frå Kviteseid misjonsmenighet må vere med og leie små og store til tru på Jesus.

Kristin Brekke Moore
Sekretær